



Jan Eirik Kolstad  
Klubben 18  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1765 - 18/14952

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:  
02.07.2018

## Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt på gbnr. 26/16

### Saka gjeld

Meland kommune har 08.11.2017 motteke melding frå firmaet Norva24 Vest AS om at septiktanken på egedommen gnr. 26, bnr. 16, har høgt nivå.

### Grunngeving for førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt

Det følgjer av forurensningsloven § 7 første ledd at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning» uten at det er gitt løyve. Høgt nivå i tanken tyder på at utløpet er tett, og at tanken ikkje fungerer slik den skal. Dette påverkar nærmiljøet ved for eksempel lukt, lekkasje av kloakk til terreng eller fare for forureining av drikkevasskjelder, grunnvatn og andre vasskildar.

I medhald av forurensningsloven § 7 fjerde ledd jf. andre ledd kan kommunen pålegge den ansvarlege for forureining, om å sørgje for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av forureininga. Med bakgrunn i nemnde forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å gje pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt for å få brakt tilhøva i lovlege formar.

### Varsel om pålegg om retting

Med heimel i forurensningsloven § 7, blir du no varsla om at tiltaket må bli retta **innan 24.09.2018**:

Retting må skje ved at tanken blir utbetra. Vesentleg reperasjon eller endring av avløpsanlegg er i utgangspunktet eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningsloven § 20-1. Dersom du er usikker på om utbetringa/reperasjonen av septiktanken er eit søknadspliktig tiltak kan du ta kontakt med Meland kommune. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Kommunen må få skriftleg tilbakemelding når tanken er utbetra.

Dersom forholdet ikkje blir retta innan tidsfristen, vil Meland kommune vurdere å fatte vedtak der vi pålegg dykk å utbetra septiktanken i medhald av forurensningsloven § 7. Pålegg om retting vil i så fall bli gitt i særskild vedtak (eige brev) ved utløp av tidsfristen.

### **Varsel om ilegging av tvangsmulkt**

Med heimel i forurensningsloven § 73 gjev Meland kommune varsel om at kommunen kan fatte vedtak om ilegging av tvangsmulkt dersom det ulovlege tiltaket ikkje er retta, og kommunen ikkje har motteke dokumentasjon på dette, **innan 24.09.2018**.

### **Tilbakemelding**

Når septiktanken er reparert, må du og eventuelle sameigarar fylle ut det vedlagde tilbakemeldingsskjemaet for utført arbeid og returnere det til kommunen innan den nemnde fristen.

- E-post: [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)
- Brev: Postboks 79, 5906 Frekhaug

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no).

### **Dine rettar**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Kristin Moe  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding

**Mottakere:**

Jan Eirik Kolstad

Klubben 18

5914

ISDALSTØ